



Vinje-senteret

# Aasen og Vinje – frå avstand til nært venskap



**Dagfinn Worren**

© 2018 Dagfinn Worren og Nynorsk kultursentrum

*Framsida*

Dagfinn Worren. Foto: Alv Reidar Dale / Uniforum

Publisert etter avtale med forfatteren på Vinjesenteret.no 5. november 2018

AASMUND OLAVSSON Vinje (1818–1870) har fått velfortent ord på seg for å vere den første som gjorde nynorsken til allment bruksmål. Han bygde seg opp til ein vidgjeten skribent som hovudstadsmedarbeidar for Drammens Tidende i tida frå 1851 til 1859. Her skreiv han om lag 700 kommentarartiklar i nyskapande skrivestil. Det galdt både emne og ordlegging.<sup>1</sup>

Av sjølvsgde grunnar var det «Bogsproget» dansk som var skriftmålet. Rett nok låg dei grunnleggjande verka til Ivar Aasen (1813–1896) om landsmålet føre, *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850). Det var likevel først med *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853; heretter *Prøver*) at potensialet i målet synte seg. I tillegg til 20 målføretekster fanst ein bolck med «Nye Stykker» og ein med «Oversatte Stykker» i «et mere alminneligt Folkesprog» i dette skilsetjande verket. Mellom dei nye tekstane var det ein om dikting, som byrjar slik: «Da er manga, som segja, at ein Fortelnad, som berre er diktad, er ein falsk og faanyttig Ting og skulde aldri voret skriven elder prentad».<sup>2</sup> Desse tekstane synte at landsmålet hadde attkjenneleg feste i folkemålet. Samstundes hadde det dei særeigne kvalitetane til eit skriftmål.

I kommentarartiklane sine i Drammens Tidende hadde Vinje nytta mange heimlege ord frå telemålet. Han hadde på denne tida sans for fornorskingsprogrammet til Knud Knudsen (1812–1895). Samtida kalla resultatet av denne skrivemåten til Vinje for «kaudervelsk». I *Prøver* fekk Vinje sjå ei fullnasjonal målform med ein

---

<sup>1</sup> Evensen og Haarberg 2018 i «Innleiing».

<sup>2</sup> Aasen 1985: 110 f.

skrivemåte der både ordtilfang og ordlegging harmonerte med folkemålet. Med utgangspunkt i denne målforma fann han sin eigen språktone som han utvikla i *Dølen. Eit Vikublad*. Første nummeret kom 10. oktober 1858. Han tok eit dramatisk avskil med lesarane sine i *Drammens Tidende*:<sup>3</sup>

«Jeg beder herved den ærede Leser om Tilgivelse, fordi ogsaa jeg engang var saa svag og arm og uvidende, at jeg vanærede min norske Haand med at skrive Dansk, at jeg saaledes syndede mod Fædrelandets Aand og gjorde Mit til at slukke den sidste Rest av dens Liv; jeg skal ikkje gjøre det mere.»

### **Spørsmål å stille om to ulike personlegdomar**

I *Nynorsk litteraturhistorie* skriv Jan Inge Sørbø at i Vinje fekk Aasen ein alliert som han trong litt tid til å venje seg til.<sup>4</sup> Livsvegane deira fram til dei møttest, var både like og ulike. Det sosiale utgangspunktet var det same: Dei kom begge frå små kår. Begge vart tidleg morlause. Til konfirmasjon stod dei fremst på kyrkjegolvet, for dei var dei mest kunnskapsrike i sin konfirmantflokk. Det var grunnlaget for at dei vart omgangsskulelærarar.

Begge var oppsette på at dei skulle inn i det store kunnskapssamfunnet. Men her skilst strategiane deira. Den sunnmørske vestlendingen Ivar Aasen søkte kunnskap på eiga hand til granskargjeringa si som nasjonal målreisar. Den telemarkske austlendingen Aasmund Vinje gjekk skulevegen fram til rikssynsar og den første store landsmålsbrukaren. Sørbø teiknar dei då også tydeleg ulike som personlegdomar. Aasen gøymde gjerne kjenslene sine bak kollektivet og konvensjonane, og når han skreiv om sagn og sorg, var det i ei slags stoisk ro. Vinje var impulsiv, forelska, ekspressiv og direkte i lyrikken, frisk og frekk i prosaen.<sup>5</sup>

Korleis kom så Vinje inn i Aasens målreisingsprosjekt, og korleis utvikla hopehavet mellom to så ulike personlegdomar seg? Var hopehavet til bate for begge?

---

<sup>3</sup> Etter Evensen og Haarberg 2018 i «Innleiing».

<sup>4</sup> Sørbø 2018: 35.

<sup>5</sup> Sørbø same staden, s. 123.

Nokre svar på desse spørsmåla vil eg sjå etter i møtepunkt mellom desse to landsmåls- pionerane og då ikkje minst kva dei ytra om kvarande.

### **Dei første moglege møtepunkta**

Samværet mellom Vinje og Aasen kunne ha byrja i Mandal. Vinje, som enno kalla seg Aasmund Olsen, hadde då funne seg til rette der både som lærar og elev på borgar- skulen frå våren 1844. Seint på hausten kom Aasen dit på den lange språkferda si 1842– 45. Han kjende seg glodd på og flirt av, slik folk også gjorde av lange Olsen. Kanskje desse to rare og seinare så sentrale landsmålsfigurane såg kvarandre på gata denne novemberdagen i Mandal, spør Olav Vesaas i biografien om Vinje.<sup>6</sup> Det seier ikkje kjel- dene noko om. Noko meir enn at byen var første kryssingspunktet for desse to land- sens karane, kan ikkje lesast ut av dette tidsmøtet. I framtida var det nettopp hovud- staden, Kristiania, som skulle verte deira sams verestad.

Det som seinare er sikkert, er at Aasen kom frå Vitskapsselskapet i Trondheim til Kristiania 24. september 1847 med manuskriptet til 1848-grammatikken i ferda- skreppa si. «Han fekk seg hus, trefte folk som var interesserte i arbeidet hans og tok straks til å førebu prentinga av grammatikken over folkemålet».<sup>7</sup>

På denne tida vart Vinje oppsagd som lærar på borgarskulen i Mandal. Han var i ein brytingsfase. «Skulle han få orden på tankane sine og tilfredsstillende kunnskaps- hungeren, måtte han inn til Christiania, det åndelege og politiske hovudbølet i lan- det.»<sup>8</sup> Vinje kom til hovudstaden på ei jekt med eikebork i mai 1848, «med draumane, forventningane og 10 dalar i lomma».

Når Aasen og Vinje kan ha møtst for første gong i hovudstaden, finst det heller ikkje noko opplagt vitnemål om. Alt 31. juli 1848 hadde Vinje eit innlegg i Morgen- bladet der han kommenterte ein stortingsdebatt om ny lov for «Allmueskole-vesenet i Byerne». Etter det fekk han 10 dalar i månaden for å skrive i Morgenbladet av den

---

<sup>6</sup> Vesaas 2001: 62.

<sup>7</sup> Venås 1996: 82.

<sup>8</sup> Vesaas 2001: 79 ff.

opposisjonelle redaktøren A.B. Stabell. I eit brev til Søren Jaabæk melde Vinje at han no er velkjend: «Man hvisker til hinanden og peger: 'se der seer Du Winje!!'». Denne utsegna kom etter reaksjonane på ei kritisk melding av eit teaterstykk i Morgenbladet 10. januar 1849.

Slik sjølvskildring var ikkje Aasens vis. «Eg gjer ikkje så mykje av meg», sa katten til Ivar Aasen.<sup>9</sup> Det er som Aasen skulle ha sagt det sjølv. Han søkte ikkje åtgåum. På same tid som Vinje var i vinden, fekk Aasen prenta «Samtale imellem to Bønder (om Begivenhederne i Udlandet.)» i Morgenbladet 5. januar 1849. Det er rekna for det første stykket som syner ei prøve på landsmålet. I Morgenbladet hadde Aasen og Vinje såleis ein sams møteplass, i alle fall i spaltene, frå nyåret 1849.

Det første vitnemålet om at desse Morgenblad-skrivarane var komne i både kjennskap og venskap, har Ottar Grepstad funne fram til i samband med eit niddikt som dei året etter skal ha dikta i lag. Vinje hadde kome på kant med redaktør A.B. Stabell i Morgenbladet vinteren 1850 om Vinjes tilknytning til avisa. I diktet vart også redaktør Ludvig Kristensen Daa i Christiania-Posten dregen inn:

Vor Politik er snurrig nok.

Den er, ja, hvad ? – et ægte Babel,  
som falder ei ved første Schoch:  
den muret er af Daa og Stabell.

De snakke vildt. – Naturligvis:

Forvirring er jo netop Babel.  
De kjævle paa sin gamle Vis,  
som brød man sig om Daa og Stabell.

---

<sup>9</sup> Hovland 1996: 83.

Vinje skal ha skrive den første strofa, Aasen den andre. Diktet vart refusert i Morgenbladet, men Vinje prenta det i Dølen tolv år seinare i ein ordstrid med Daa. Han nemner ingenting om at Aasen var medskribent, og det gjer ikkje Aasen sjølv heller. Ikkje er det stor lyrikk, og «visste ein ikkje betre, var det uråd å seie kven som hadde skrive kva».<sup>10</sup>

Kjelda for denne diktarfellesskapen er Jon Fagerhol, son til morbror åt Ivar Aasen. Fagerhol skreiv om «Eit og anna frå samvære med Ivar Aasen» i Syn og Segn og siterer diktet.<sup>11</sup> No er det slik at tidspunktet for denne diktarfellesskapen fell saman med dei vekene då Aasen fullførte manuskriptet til 1850-ordboka. Slik sett er det helst uventa at han også var i satirisk diktarmodus, men på den andre sida kan ein sidedig arbeidspress somme gonger medverke til kreativ tidtrøyte.

### **Hovudstadskorrespondenten i møte med Aasen**

Vinje valde altså den akademiske vegen og enda til slutt opp med juridisk embets-eksamen i 1856. I ein sjølvbiografi frå kring 1862 slår han fast at han likevel ikkje høvde til sakførar. I staden vart han «hendraget» til å studere språk, filosofi og naturvitskap.<sup>12</sup> Noka særleg utsegn om si eiga språklege utvikling kom han ikkje med her. Samstundes med denne vidareutdanninga skøyte Vinje gjerninga si som offentleg røyst gjennom korrespondentbrevva sine i Drammens Tidende.

Det gjekk ikkje mange vekene før Vinje prøvde ut «enno uskrivne ord, dialektalt formverk (av det 'telemarkiske' slaget) og munnlege setningskonstruksjonar som til da ikkje hadde vore sett på prent»<sup>13</sup> Han flettar inn etter måten vanlege norske ord som «Stakkar» for dansk «Stakkel», «fysen» for «lysten» og «Stav» for «Stok». Også heimlege ordtak og vendingar førekom: «Mannemonen er ikkje stor», skreiv han om ei statsrådutnemning i 1853. Samtida såg likevel på resultatet av innslaga med slik heimleg uttrykksmåte som «kaudervelsk». I denne tida hadde Vinje byrja å tale med

---

<sup>10</sup> Grepstad 2018: 36 f.

<sup>11</sup> Fagerhol 1946: 355 f.

<sup>12</sup> Grepstad 2017: 429.

<sup>13</sup> Evensen og Haarberg 2018 i «Språket».

Ivar Aasen, «og mit Kjendskab til de norske Dialekter i Forbindelse hermed, gjorde at jeg blev opslugt af «Dølen» og Maalstrævet».<sup>14</sup> Bakgrunnen for at Vinje vart oppslukt av målstrevet gjev Olav Vesaas når han forklarar at Vinje hadde med seg heimanfrå ein levande språkleg arv, som han i skulegangen måtte tvinge inn i eit dansk bok-språk.<sup>15</sup>

### **Sjølve hopehavet mellom Aasen og Vinje**

Den første kjende kontakten mellom Aasen og Vinje er likevel ikkje av det medrivande slaget slik det er dokumentert: «Besøg af Vinje» skreiv Aasen reint sakleg i dagboka si for 14. desember 1852.<sup>16</sup> Noko tillitsfullt venskap ser det ikkje ut til at det kom i stand ved dette høvet. Vinje var såleis ikkje mellom dei som fekk *Prøver* frå Aasen sjølv då boka låg føre året etter (20. juni 1853). Alt få dagar seinare (26. og 29. juni), hadde Vinje ei melding av henne i Drammens Tidende. Vinje skreiv om kor rikt målet var på mange felt med bakgrunn i målføra, og han såg ei framtid for landsmålet. Han var likevel kritisk til at det var nytta store førebokstavar (venteleg i substantiv). Heller ikkje pronomena *dat* og *kvat* fall i smak. Formene *det* og *hot* ville høve betre, meinte telemarkingens. Vinje såg dessutan diktarlege kvalitetar hos Aasen. Han er «en ligesaa stor, om ikke større Digter end Sprogmand» heiter det i korrespondentbrevet for 29. juni.

Aasen ytra seg ikkje offentleg om meldinga, men i eit brev til venen Maurits R. Aarflot (1821–1904) var han helst irritert og seier at Vinje «har behandlet Sagen paa sin sædvanlige overfladiske og skjødesløse Maneer» (4. juli 1853). Det er likevel vitnemål om at dei to sellane var i ferd å nærme seg kvarandre. I februar 1855 melde Aasen at han no var hos Vinje. Det hindra ikkje Aasen i å omtale journalisten på ein uærbødig måte. No var det i eit brev til Ludvig L. Daae [1829–1893], som var eleven hans frå Solnør-tida. Brevet handla mellom anna om den litterære tilstanden i hovudstaden: «Vinje rumsterer i Drammens Tidende lige saa slemt som før og endnu værre» (17.

---

<sup>14</sup> Grepstad 2017: 429 f.

<sup>15</sup> Vesaas 2001: 153.

<sup>16</sup> Sjå Djupedal 1957–60.



april 1856). Rumsteringa galdt nok både sakene som vart omtala og vel særleg den språklege praksisen hans, no når Vinje hadde sett gjennomarbeidde tekstar i ei mykje-godt fullkomen norsk målform i *Prøver*.

I neste rapporten til Daae kan det verke som Aasen såg ei viss von i Vinje som våpendragar, for han hadde byrja å studere gammalnorsk og gå på førelesingar i emnet (2. april 1857). Vinje var på denne tida saman med Ole Vig [1824–1857] engasjert i eit bladtiltak der han funderte over språkvalet. I dette spørsmålet kunne han ikkje verte einig med seg sjølv, ironiserer Aasen over dette personlegdomsdraget hos Vinje. Vinje skal såleis først ha tenkt på å skrive reint norsk, men han kom til at det ville verte for utfordrande. Planen var så ordleggje seg i ei blanding av norsk og dansk. Aasen var nok nøgd med at Vinje gjekk bort frå denne løysinga, for Vinje skal ha sagt at dei to formene «stod og einskreik imot kvarandre». Denne kritiske eigenskapen skulle seinare verte kjend som Vinjes *tvisynt*. Bladtiltaket saman med Vig vart det då heller ikkje noko av. «[I]midlertid buldrer han afsted i Drammens Tidende nu som før» var Aasens lakoniske konklusjon.

### **Vinje med Dølen på landsmål**

Det kan vel snarast vere at motviljen som låg i karakteristikken «rumsterer» har fått eit meir forsonleg drag med «buldrer». Det var på denne tida at Vinje tok det drastiske personlege valet om å verte bladstyrar sjølv. Livsoppgåva hans skulle no vere å gje ut sitt eige blad, Dølen, ikkje skrive i andre blad. «Mit Liv, kan jeg sige, staar i Pant med Dølen, for jeg har offentlig afsvoret at skrive Bokmaal», melde han i eit brev til ein slektning.<sup>17</sup> Når det galdt målbyttet, tok han likevel ikkje steget heilt ut, for i program-artikkelen i første nummeret heiter det at han torer ikkje å vere fullnorsk for då vil mange ikkje forstå han. Nett det å verte forstått var eit viktig mål når han skulle arbeide for at det skulle «koma støri Kunnskap, Folkeleghet og Sjelfstændighet inn baade i Regjering, Storthing og framfor Alt i det heile Folk».<sup>18</sup>

---

<sup>17</sup> Etter Vesaas 2001: 180.

<sup>18</sup> *Dølen* 10.10.1858.

Er så dette eit 'bulder' som Aasen tykkjer mon i? Atter er det eit brev til Daae som er opplysende (20. mai 1858). I dette brevet frå seinvåren før Dølen kom ut, fortelst det at «Hr. Vinje» er den einaste utanom Aasen sjølv som skriv landsmål. I *Skrifter i Samling* (band V) av A.O. Vinje er det tre dikt på landsmål frå tida før Dølen byrja å kome ut. Det første av dei, «Velfara til Ole Vig», er eit minnedikt. Her finst eit ordlag som i ein sum samla i seg det som er Aasens demokratiske program:<sup>19</sup>

Han talad' saa at Folket, kunna kjenne  
sin eigin Tanke i hans Tale att'.

Om desse verselinjene sette seg fast i Aasens indre minne, skal vere usagt, men innhaldet er i alle fall i slekt med ei strofe av «Fyrestev» i *Symra* frå 1863:<sup>20</sup>

Den som laag og liten er  
og tidt med Spottord stungen,  
han letnar, naar han høyra fær  
sin eigen Tanke sungen».

Det var ikkje tankeinnhaldet Aasen feste seg ved. Han seier ikkje beint fram at han gler seg over denne nye medspelaren, han berre nøyer seg med å melde at Vinje har kome til at å skrive på fullnorsk vis er det beste. Aasen er likevel ikkje heilt trygg på Vinje i målvegen. Det han har sett i nokre høvesdikt var likevel «næsten ganske i den Form, som jeg anseer som den rette.» Det må seiast å vere anerkjennande ord om ein som før berre hadde romstert, buldra og jamvel ha vore verre enn før.

---

<sup>19</sup> Vinje 1916: 70 f.

<sup>20</sup> Aasen 1911: 19.

## Aasen med Dølen som medspelar

Då Dølen låg føre, var registreringa som vanleg berre heilt sakleg. «Første Nummer af Dølen» var den enkle innføringa i dagboka 10. oktober 1858. I omtalen av dette storhendet i den litterære saga åt landsmålet og nynorsken er Aasen altså så nøktern som det går an. Mellom dei som likevel vågar seg på å skildre huglynnnet hans ved denne tilburden, er Knut Liestøl. I Syn og Segn skriv han om «'Aasen og 'Dølen'» og er trygg på at Ivar Aasen måtte helse Dølen med glede og lyse voner. At Dølen kom i gang, syntest reint som ei oppkveiking for han. Det var aldri korkje før eller sidan slikt liv og fest over det Aasen skreiv som i dei to første åra etter at Dølen var utkomen. Liestøl skildrar Aasen mest like ekstatisk som Vinje har vore omtala: «Det er ikkje tunge, seine, ålvorsame fotsteg han tek. Han hoppar av stad i leikande skjemt eller stansar og smiler sarkastisk til lesaren».<sup>21</sup>

Vi har ikkje Aasens eigne ord for gleda over å ha fått ein stridsbror med på laget for eit eige norsk skriftmål. Det er likevel openbert at Vinje verkeleg hadde fått eldhug for og framtidstru på landsmålet. Aasen kunne lese i første nummeret av Dølen at «det gamle Maal ligg enno reint paa Folkemunnen; det kjem berre an paa, at vi bruka og reinska det.» Det samsvara med grunntanken i det filologiske prosjektet hans. Vinje heldt også fram med at dette målet «maa vera Slutsteinen paa vort Stræv i folkeleg Retning, og uten at vor Frihet byggjes paa den som Hovudhyrnesteinen (Hovedhjørnesteinen) vil vort Frihetstempel vera bygt paa Sand.» Her grunngjev Vinje målreisinga som ein del av ein større fridomstanke. Han var tankesterk nok til å kome på det sjølv, men Aasen knytte også som første grunn for språkprosjektet sitt til det at landet no var sjølvstendig, til dømes i «Fortale» til 1850-ordboka. Aasen fekk på denne måten sin «eigen Tanke sungen» av Vinje i Dølen.

Eit godt døme på at Aasen er djervare i tonen no når han hadde Dølen som stridsbror, er artikkelen hans «Om Sprogsagen». Han hadde på oppmoding frå Selska-

---

<sup>21</sup> Liestøl 1922: 2.

bet for Folkeoplysningens Fremme gjort ei omsetjing til landsmål av den norrøne eventyrliknande *Fridtjofs Saga*. Boka låg føre 29. september 1858.

Aasen registrerte uvenlege meldingar i Aftenbladet og Christiania-Posten. I desse meldingane vart det hevda dei vanlege fordommane om at dialektane var uskikka til å formidle ein høgare kultur. Det synte seg særskilt med at denne norrøne saga no fanst i ei udanna og rå form. Utgangspunktet var «det skjønne norrøne Tunge-maal, der var en dannet Nations Eiendom», og som landsmålet ikkje kunne måle seg med.<sup>22</sup> Liknande synsmåtar vart framførde mot målforma i Dølen nokre dagar etter at bladet hadde kome ut.

Aasen tok kraftig til motmæle i Christiania-Posten med ein artikkel som gjekk over to utgjevingar (7. og 14. november). Han var klar på at no er spørsmålet om eit nasjonalt språk større enn om «Kys» kan uttalast «Kjyss), som det hadde vore diskusjon om for teatermålet. No var det dokumentert at det finst eit norsk språk, som korkje stammar frå dansk eller svensk, «men har staaet selvstændigt fra umindelige Tider».<sup>23</sup>

### **Aasen som pasientven**

Verkeleg «liv og fest» i samværet mellom Aasen og Vinje vart det kring årsskiftet 1858–59. Festen var det Vinje som stod for. Han hadde vore i eit lystig førjulslag hos ein advokat Homann. Der var elles både statsrådar og andre storkarar. Stemninga i selskapet skal ha overgått alt Vinje til då hadde opplevd. På veg heim gjekk det gale. Vinje gleid i trappa og vreid kneet så fælt at han over nyttår måtte leggjast inn på Rikshospitalet. Same dagen som han vart innlagd, 4. januar 1859, sende han brev til Ivar Aasen med ein tiltale som fortalde om djup respekt: «Megtige Maalmann!» Tonen i brevet om tilstanden han er i, syner likevel at dei er jamningar i livsens kvardag: «Kneet heve versnat, so at eg ikki torer annat en fylgja Lækjarens Raad og læggja meg inn paa Riks-Hospitalet idag, om eg enn aljamt heve tænkt meg det som Hola til Hel.»

---

<sup>22</sup> Jf. Venås 1996: 190.

<sup>23</sup> Aasen 1912 b: 110.

Brevet vert avslutta med ein appell om vitjing som det ligg meir enn berre ønske om tidtrøyte i:<sup>24</sup> «I det norske Maals Navn, maa De koma til meg ei eller tvo Gongur om Vika. Skriva maa eg til Pennen dætter utaf Haandi mi.»

Desse dagane var ikkje Aasen i sitt beste slag: «Stærkt forkjølet og sygelig» skreiv han i dagboka 3. januar. Han vitja likevel Vinje same dagen som brevet var sendt. Venteleg var det av omsut, men like mykje tyder på at deira sams sak no var ein sterk bindelekk. Vinje vart utskriven frå hospitalet 26. januar. Det kom ut tre fullverdige nummer av Dølen medan han låg på hospitalet. Kjeldene seier ikkje noko om at Aasen medverka til desse utgjevingane.

### **Aasen som skribent i Dølen**

At Dølen hørde med i arbeidsplanane til Ivar Aasen, kan lesast ut frå dagboka. Den 20. januar skreiv han at han hadde laga utkast til «Minningar av Maalstriden» til Dølen. Det vart ein artikkelserie på seks innlegg om alle påstandane frå den skrivande eliten om kulturskortet i bondemålet og landsmålet. Det første innlegget stod på prent 20. februar. Denne artikkelserien Aasens store bidrag til sakleg journalistikk på landsmål.

Det er rimeleg å tru at Aasen planla saman med Vinje utgjevinga av både «Minningar» og fleire svar på desse påstandane om kulturskort. At dei to landsmåls-pionerane no verkeleg samarbeidde, er forspelet til «Minningar» eit talande døme på. Den 6. februar hadde Dølen eit forvitneleg innlegg med overskrifta «Brev om Kulturen». Det var underskrive av ein Ohle Ohltzén, som heldt til på Scharfvebagchen. Vi treng ikkje å vere i tvil om kven forfattaren var, for i dagboka for 6. februar noterte Aasen: «Brev om Kulturen trykt». Brevet byrjar slik:

Til Dølen's Riddagsion.

Uagtendes jeig maa skeep bereignes til de indfoldige og vandkundige folk i Lidtrad=Turen saa alligevel beføler jeig en vis Indspiration til ad skrive dem

---

<sup>24</sup> Etter Vesaas 2001: 189 f.

Til, vilket jeig jøer med saa meget mere modighed, da jeg har forhørt ad de skal være meget skaansommelighedsfuld og indtaalerandse om der skulde være nogen feiler eller Kundsigkvendser i Urtegravfien. Vadh som nu mest andbedriver mig hertil er det ad jeig for nogle Ugger siden belæste en Version i Bladet som syntes at indbegribe nogle Hardseiladser om Kuldthuren, og dette forsadte mig i en mellemkolisk Bestemthed fordi jeg altid har vært en stor Livhaber af Kuldthuren og ønsket ad det hele Folk var kultureret i sin klædedragt og spraag og bespiisning og Møblerering.

På liknande vis heldt innlegget fram over meir enn tre spalter. Bladstyrar Vinje utstyrte innlegget med ein svær fotnote med referansar både til «Philosophen» og «Morgenbladet», som er sentrale emne i «Minningar». At dei to karane har hatt stor glede av denne satiren over misforstått kulturhøgde, fortel ikkje minst setninga som karakteriserer innsendar Ohle Ohltzén frå Scharfvebagchen: «Han er eit godt Hovud, for du kan sjaa, at han snur og vender paa dei framande Ord, til han fær Meining i deim paa Norsk.»

«Oppkveikinga» frå hopehavet med Vinje og Dølen førte til at Aasen fekk krefter til å gå ut i offentleg målstrid. Morgenbladet og Christiania-Posten hadde seint i november og tidleg i desember 1858 fleire namnlause innlegg som gjekk til åtak på landsmålet som sjølvstendig nasjonalt skriftmål. Det var likevel opplagt at skribenten i Morgenbladet var filosofiprofessor Marcus Jacob Monrad.<sup>25</sup> Samnemnaren for dei ymse åtaka var at eit skriftmål som bygde på bondemålet, ikkje stod på eit høgt nok kultursteg.

Aasen lét påstandane frå desse innlegga søkkje inn – i von om at nokon annan skulle ta til motmæle. Det skjedde ikkje, så på nyåret tok han sjølv fatt på artikkelserien «Minningar fraa Maalstriden um Hausten 1858». Her kunne polemikaren Ivar Aasen

---

<sup>25</sup> Vesaas 2001: 183.

utfalde seg om landsmålet på landsmålet. På den måten fekk innlegga hans ei særleg tyngd mot påstanden om at målet ikkje høgde for høgare tankekraft.

På sin vanlege systematiske måte ordna Aasen dei kritiske påstandane om landsmålet i bolkar, som han kalle «Rødor» eller 'talar' etter mønster frå den norrøne *Kongsspegele*n. Kvar røde fekk si eiga «Umrøde» der Aasen med sin følgjestrengje tenkjemåte plukka sund påstandane. Hovudsaka i første røda kan vere dømet på dette.

Påstanden var at skriftmålet i Noreg no var vårt eige og kalla norsk i Grunnlova. I omrøda vart denne påstanden avvist: «Derimot finn eg (i § 92), at til Embættesmänner skal utnemnast berre Nordmänner, som tala Landsens Maal («Landets Sprog»)). Aasen heldt fram med å peike på at «det norske Maalet» og «Landsens Maal» vel måtte vere det same, og så kom det ein sluttsats som for det første fullførte resonnementet, men som også vitnar om både sjølvtilitt og byrgskap: «um dei, som skrivu Grunnlogi, inkje just hava tenkt paa det, som me no kalla Landsmaalet, so hever daa Tanken vist inkje voret langt ifraa det».<sup>26</sup> Eit eige nasjonalt språk høyrde til dei underliggjande sjølvstendetankane for Grunnlova. Aasen hadde med landsmålet verkeleggjort dette nasjonale målet.

Med Vinje som røynd journalist og Aasen som språkleg autoritet var Dølen no eit kraftsentrum i målstriden. Stephen Walton ser det slik at Aasen i desse innlegga vende «dei nasjonalromantiske førestillingane og seiemåtane mot opphavsmennene deira. Dermed uthola han radikalt den nasjonalromantiske språkbruken, og nekta han rom».<sup>27</sup> Desse første åra med Dølen var visseleg gode år for samværet mellom Aasen og Vinje. Når Aasen både vart tilkalla til og gjekk til sjukesenga til Vinje, må det kallast venskap.

Liestøl har gjort greie for samarbeidet deira om Dølen. Aasen fekk fleire av dikta sine prenta der: «Sveinkallavisa», «Gamla Voner» og den velkjende omsetjinga av Schillers «Songen um Klokka». Dertil fekk han prenta segner og ferdaskildringar og utgreiingar. Særskilt må nemnast ei utgreiing med tittelen «Um Namnet Oslo», medan

---

<sup>26</sup> Aasen 1912 b: 141.

<sup>27</sup> Walton 1996: 268.

hovudstaden endå heitte Kristiania. Ikkje minst gjorde Aasen mykje «vanlegt bladmannsarbeid» og då særleg korrektur. Stoda var då også slik at det var ingen annan som kunne ha hjelpt Vinje på dette feltet: «[D]et fanst ingi hjelpemidlar, ein måtte leita dei norske ordi fram or minnet; det var ofte kanselli-stil av verste slaget han hadde å gjera med.»<sup>28</sup>

### **Aasen i «Maallag hos Vinje»**

I atterskoding i føreordet til *Digtsamling* sette Vinje ord på målmannskapen sin. Utgangspunktet var at ei av dei beste dialektane i landet var morsmålet hans. Attåt kom det at han stod så nær Ivar Aasen slik at «uden hvis Klarhed og Lærdom sanssynligvis heller ikke jeg vilde være kommen ud af den almindelige chaotiske Tilstand».<sup>29</sup> Dagboka til Aasen stadfester då også dette nære venskapet. Her vert det meldt om mange samvær, som «Maallag hos Vinje» (22. april 1859).

Walton kallar dette mållaget ein flokk av debatterande sympatisørar rundt Aasen og nemner menn som A.O. Vinje, Hagbard E. Berner [1839–1930], Marius Nygaard [1838–1912] og Hans Ross [1833–1914]: «Dette var ikkje noka forsamling av likestilte. Det var Aasen som sat inne med kompetansen, og dei andre var meir eller mindre lydhøre læresveinar.» Det var opplagt kven som hadde fagkunnskapen, aldersskilnaden var då også stor til dei andre utanom Vinje, men det var viktig for Aasen at han her også hadde ei anna gruppe å utveksle synspunkt med enn fagfolka på universitetet.<sup>30</sup>

### **Ord og ordlegging mellom jamningar**

Jamvel om Aasen var autoriteten, var ikkje jamvekta i tilhøvet mellom Aasen og Vinje heilt i ulag. Når det galdt å finne heimlege ord eller avløyсарord for framandord, var ikkje Vinje utan røynsle frå korrespondenttida i Drammens Tidende, og med Dølen

---

<sup>28</sup> Liestøl 1922: 8 f.

<sup>29</sup> Etter Vesaas 2001: 175.

<sup>30</sup> Walton 1996: 522.



hadde han jamvel skapt ein eineståande publiseringskanal for fullnorske avløyсарord. Anders Skrede Evensen har granska Vinje som målreinsar i Dølen i hovudoppgåva si frå 1977. Han gjev døme på at Aasen i sine skrifter har brukt somme av Vinjes avløyсарord. Skrede Evensen nemner såleis at Aasen i «Minningar» til dømes nyttar «riks-skipnad», som Vinje tidlegare har lansert. I eit manusutkast til ei dansk-norsk ordbok frå 1883 finst det også ord som Aasen må ha henta frå Vinje: *minnepengar* (medalie), *sandheidi* (ørken), *lauslynde* (umoralitet), *samlyndi* (enighed), *kyrkjelyden* (menigheden), *sjonleik* (skuespill), *allheimen* (universet).<sup>31</sup>

Det er heller ikkje vanskeleg å peike på avløyсарord som har gått andre vegen. Det finst lånordssamlingar etter Aasen frå åra 1849 og 1857. Skrede Evensen trur ikkje det er tilfeldig at vi finn att så mange av Vinjes avløyсарord i desse lånordssamlingane: *samljod* (harmoni; 1849), *inngivnad* (instinet; 1849; Aasen: 'inspiration'), *samhug* (sympatie; 1849, 1857), *bladmeistar* (redactør; 1849), *thjodskap* (nationalitet; 1857), *hersvein* (soldat; 1857), *fyreskipnad* (reglement; 1857), *vitsemd* (intelligens; 1857), *landslyd* (nation; 1857), *omgangsбrev* (circulaire; 1857), *haarstjerna* (cometen; 1857), *allskulen* (universitetet; 1849), *huslyd* (familie; 1857), *stormannskap* (aristokrati; 1849, 1857), *livøyre* (appanage, pension; 1857), *ljosteikning* ( fotografi; 1857; Aasen: *ljosskrift*), *vithevd* (kultur; 1857), *samfestet* (unionen; 1857), *bokrike* (litteratur; 1857), *ætled* (generation; 1857), *aars-pengar* (contigenten; 1849; Aasen 'gage, løn'). Også *sendelag* (deputation) og *tilføre* (anledning) har Vinje funne hos Aasen.

Skrede Evensen fann 732 avløyсарord for om lag 600 lånord, men det er ikkje så mange som fekk eit varande liv til våre dagar, men mellom desse reknar han *eldhug* (begeistring), *allheimen*, *riksskipnad* (constitution), *ikjøting* (incarnation) og *lydrike* (coloni). Dertil nemner han *fesjå* og *jarnveg*. Sett i ettertid lukkast ikkje Vinje stort betre enn andre som prøvde seg på same feltet.<sup>32</sup>

Det er mindre påakta at Vinje også er opphavsmann til eit dagleg bruksord for nyhende utan at det er eit avløyсарord. Grepstad slår fast at «ordet *dagsnytt* var det

---

<sup>31</sup> Skrede Evensen 1979: 76 f.

<sup>32</sup> Skrede Evensen same staden, s. 30 og 98.

Vinje som har laga» og daterer det til 18. desember 1859.<sup>33</sup> Det er del av ei overskrift i Dølen, og Vinje nyttar det fordi han til take opp meir «innanlands». I eit seinare nummer forklarar han jamvel tydinga: «Dagsnytt er just det, som Folk helst vil lesa» (27. april 1862). Bakgrunnen var at ein innsendar ville ha mindre om «Dagstilburdar» og meir om målsaka. Grunngevinga for å skrive om dagsnytt, er kosteleg, men venteleg ironisk, om ikkje tvisynt: «Den, som kunde samla alle Ulykkur og setja deim paa Prent, vilde faa dei fleste Lesarar. Daa krossa dei seg og lesa. Ni og nitti av hundrad Lesarar uppbyggja seg meir av ei Forteljing um ei gomol Kone, som vardt yverkjøyrd paa Gata, enn av det gildaste og viktigaste som verdt forhandlat i Storthinget.»

### **Skriftleg og munnleg ordlegging – ei mannjamning**

Eitt er likevel å finne skjønlege heimlege ord for framandord, noko anna er det å få til flyten i ordlegginga. Magne Myhren kallar syntaksen hos Aasen klår og tankegrei, men legg til at han kanskje nyttar noko vel mykje underordning, som vi kan sjå ovanfor i utdraget frå bolken om dikting i *Prøver*. Utan at Myhren set Vinje framom Aasen, framhevar han Vinje som stilisten. Både Bibelen, Homer, norrøn dikting, Holberg, Wessel, Shakespeare, Goethe, Schiller og Heine var påverknadskjelder. Også heimleg ordleggingsmønster frå Telemark med ordtøke, hermer og faste vendingar av mange slag høyrde med i stilgrunnlaget: «og dette var også knytt til ei medfødd og kjær evne til kjeftriving», som Vinje så friskt uttrykte det med verselinja: «Ordet flaug fraa Munnen so godt som Sverdet beit».<sup>34</sup>

Dette er meir enn vanleg ordhegd. Dessutan var Vinje også mykje nytta til offentleg talar. Ein tenkt tale med tittelen «Talar fyre tome Stolar» er vel det næraste Aasen kom ein talarstol.<sup>35</sup> Då kunne ein lett tru at Aasen vart ein mindremann i det munnlege. Ikkje minst skulle ein tru det når det skulle drivast med godkarsprat. Ludvig Daae har skrive ned nokre inntrykk av desse to karane i muntert samvær, som

---

<sup>33</sup> Grepstad 2017: 22.

<sup>34</sup> Myhren 1993: 127 og 135 f.

<sup>35</sup> Aasen 1912 a : 190–200.

gjev eit anna bilete:<sup>36</sup> «[N]aar disse to gamle Karle begyndte at fortælle Historier, var det fornøieligt at høre paa. I Regelen vare Historierne temmeligt grovkornede, skjøndt hos I. A. altid den humoristiske Side var den mest fremtrædende, ligesom han ogsaa fortalte bedre end A. V.»

I same skriftet går det også fram at når Vinje og Aasen dreiv med utgjevingsarbeidet av Dølen, måtte Vinje ofte finne seg i «temmelig haanlig Behandling». Spørsmålet er om Vinje verkeleg fann seg i det. Den tyske språkforskaren Viktor Waschnitius skreiv i Edda om Vinjes språkutvikling. Han ber til togs ei utsegn etter folkehøgskulelærer Olaus Arvesen [1830–1917] som kan tyde på ein motreaksjon. Her heiter det at Vinje skal ha sagt at han ikkje lenger ville la seg kontrollere av Samlaget, der Aasen var leiar i domsnemnda i språklege spørsmål: «Eg sa te han Aasen sjøl, far, at dette her gjeng eg ikkje med paa. Eg skal bruke resepta di, saa langt eg kan, men eg maa skrive paa mit eige maal. Eg vil ikkje væra nokon apekat».<sup>37</sup>

### **Vinjes repeterande kraft**

Denne språklege sjølvhevdinga til Vinje har vore peika på i fleire granskingsarbeid. Skrede Evensen har ettervist dette i målreinsinga hans. Frå Vinje byrja å gje ut Dølen i oktober 1858 til og med 1861 då *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* kom ut, var målet sterkast påverka av hans eige Vinje-målføre og Ivar Aasens målsyn og målform. I denne bolken kunne han nytte dei norske orda utan å vise til dei tilsvarande framandorda. Det galdt til dømes «riksstelling» (for politikk), «riksskipnaden» (for konstitusjonen), «riksstyret» (for regjeringa) og «umstøyten» (for revolusjonen). Etter denne perioden skal Vinje så ha byrja å eksperimentere med målforma si og nærma seg på nytt det dansk-norske bokspråket. Ord som «ansøkning», «nødvendighed», «agtelse» og «frihet» kom no inn att i målbruken hans.<sup>38</sup>

---

<sup>36</sup> Etter Venås 1996: 536.

<sup>37</sup> Waschnitius 1920: 199.

<sup>38</sup> Skrede Evensen 1979: 25 ff.

I dei siste leveåra sine la Vinje om målet på nytt ved å ta opp fleire austnorske former og ved å nytte ein meir ortofon skrivemåte. Som døme på slike skrivemåtar hos Vinje reknar Waschnitius opp bundne fleirtalsformer som «Dagane», «Vegine», «Aan-netidone» og «Gjentune».<sup>39</sup> I Aasen-normalen ville dei tilsvarande formene heite «Dagarne», «Vegarne», «Onnetiderna» og «Gjentorna».

Det mest dramatiske utslaget av denne språklege sjølvhevdinga er ein søknad som Vinje sende i februar 1865 til Det akademiske kollegium ved universitetet. Tanken var å reise til Valdres, Sogn og Nordfjord for å granske dialektane der og samanlikne dei med austlandsdialektar, irekna telemålet. Vinje heldt fram at det var bruksperspektivet han ville leggje vekt på. Han ville leite etter ein «Generalnævner og navnlig da den practiske i Modsætning til den theoretiske, som I. Aasen tror at have fundet».<sup>40</sup>

Dei særmerka i skriftforminga til Vinje som er dregne fram ovanfor, lagar likevel ikkje nokon eigen Vinje-normal. Leif Ramsdal tok føre seg ortografi og morfologi i Dølen i hovudoppgåva si frå 1972. Han vil ikkje kalle endringane som kan påvisast i Vinjes målbruk for noko brot med Aasen-normalen: «Heile tida held han fast på minimumskrava til landsmålet».<sup>41</sup>

Om skrivemåten til Vinje tek Vesaas utgangspunkt i at Dølen var eit høgst personleg organ for Vinje sjølv der han kunne skrive i det nye språket slik som det fall han inn. Det gjorde han i Aasens språklege drakt, om ikkje så strengt tilknappa. Eitt er likevel Vinjes personlege form. Vesaas peikar først og fremst på at dette vart ein livsnerve for landsmålet med å vere «det mest synlege og mest repeterande uttrykket i målstrevet».<sup>42</sup> Samstundes var det språkleg nyskaping. Dei ulike skrivesjangrane og stilslaga vart utvikla. Landsmålet synte seg som eit fullgyldig skriftmål.

---

<sup>39</sup> Waschnitius 1920: 194.

<sup>40</sup> Etter Vesaas 2001: 330.

<sup>41</sup> Ramsdal 1972: 139.

<sup>42</sup> Vesaas 2001: 180.

## **Aasen om Vinje siste dagar**

Aasens lukkelege liv med Vinje og Dølen skulle få ein lei slutt. Det fortel Aasen om i eit brev 13. juli 1870 til venen Johannes Belsheim [1829–1909], bibelgranskaren frå Valdres som sat ved senga til Aasen då han døydde. Brevet er elles eit av dei få som han skreiv i sitt eige skriftmål. Her formidlar han Vinjes lagnad som gjekk frå familjelukke til elende saman med ein livsøydande sjukdom:

Sidan eg nemner Dølen, kann eg og fortelja, at Vinje heve havt mange Umskifte i det sidste Aaret. I Fjor Sumar vaagade han til aa gifta seg, og alt var godt og vel; Kjerringi stellte godt med Reikneskapen hans, so han fekk si rette Innkoma av Bladet sitt og hadde goda Voner fyre Framtidi. So gjekk det daa til fram paa Vaaren; daa kom Kona i Barnseng og fødde ein Son; men deretter lagde ho seg til aa døya, og Mannen sat atter med Barnet. Daa reiste han upp aa Landet til Broder sin, men paa Veggen vardt han sjuk og fekk ein Gigtfeber, som dei kalla det, og denne Sykja vardt langdrøg, so han laut stadna med Bladet sitt i tvo Maanader elder so paa Lag. No er han atter komen til Byen og heve fenget Bladet i Gang paanytt, men han er ikkje frisk endaa.

Nei, Vinje var diverre ikkje frisk. I dagboka 22. juli 1870 melder Aasen at han har vitja Vinje på hospitalet. Då hadde han alt også vitja han 6. juli på «Daudarhuset», som Vinje kalla Rikshospitalet.<sup>43</sup> Det var likevel ikkje her Vinje enda sine dagar. Han kom seg ut på ferd, men ho tok slutt 30. juli på Gran på Hadeland.

## **Med Aasens minneord som spegel**

Tidenda om Vinjes endelikt nådde snøgt ålmenta. Alt 5. august 1870 lét Ivar Aasen anonymt prente minneord i Dagbladet. Så kan ein spørje om vi i desse minneorda møter att den Vinje som Aasen-kjeldene har teikna. Det gjer minneorda i stor grad.

---

<sup>43</sup> Vesaas same staden, s. 453.

Aasens kritiske omtale av Vinjes melding av *Prøver* har same innhaldet i minneorda, men i meir skjønnsam form: «Af Naturen begavet med et usedvanligt Nemme, kunde han med Lethed skaffe sig et Overblik af alt, hvad der syntes ham videværdigt; og dette virkede maaske til, at han ofte stoledede for meget paa sine Evner og satte altfor stor Priis paa det geniale og storartede i Modsætning til en jævn og stilfærdig Virksomhed.»

Den overflatiske og skøytelause maneren har no vorte til at Vinje stolte for mykje på sine eigne evner. Aasen orsakar dette sjølvhevdande personlegdomsdraget med at det var eit lyte Vinje delte med mange andre.

Kjeldene har også fortalt om Aasens syn på den mangfaldige språklege praksisen til Vinje. Somme gonger kom det av kunnskapsskort, andre gonger av medviten utprøving. Det hadde sine gode grunnar: «Hans egen Sprogform led rigtignok adskillige Forandringer, idet han gjerne vilde lempe sig efter sine forskjellige Læseres Smag og Behag; Fordelen ved Tingen var, at Vinje blev bestandig læst, og at Folket derved vænnede sig til at læse og efterhaanden forsonede sig med den uvante Sprogform.»

Vel var Aasen teoretikaren, men landsmålet skulle ut til folket.

I siste delen av minneordet er Aasen oppteken av Vinjes beste kvalitet, diktaren. Han hadde skapt ei nasjonal dikting, som «i enkelte Stykker var saa vakker, at endog Digterens Modstandere maate synes vel om den». For ettertida vil han alltid vere den som «først for Alvor optraadte som Digter i Folkets Aand og Tungemaal».

I 1873 vart det reist ei minnetøtte over Vinje på kyrkjegarden på Gran med ei stor minnehøgtid 13 juli. Ivar Aasen hadde laga song om Vinje for høvet, «Minneord yver A.O. Vinje», og i velforma versemål er songen på høgde med dei beste dikta hans. I ei av strofene ordlegg Aasen det sams prosjektet deira med bakgrunn i Vinjes særlege føresetnader og lynne:

Og rik i framand Lærdoms Skatt  
sitt folk han inkje gløymde;

i gamle Heimlands-Maalet radt  
hans Vers og Tale strøymde.  
Det Maal, som ræddast fyre Skam  
og seg i Skuggen smette,  
det bar han fritt i Ljoset fram  
og Rett mot Urett sette.

Sørbø tek opp tråden frå «Heimlands-Maalet» når han skriv at Vinje kan takke «maalet» for at han vart ein stor lyrikar. Lyrikken hans har større breidd enn hos Aasen. Det gjeld både i tone og sjanger der han vekslar mellom djupt alvorlege og skjemtfulle dikt. Særleg opnar han for eit langt meir direkte uttrykk for kjensler.<sup>44</sup> Siste strofa i «Gamle Moder» (1860) kan vere eit døme på ein slik kjenslefylde:

Og gamle du, du gav til meg  
mi mjuke Hjarterot,  
og derfor maa eg elska deg,  
korhelst eg vankar paa min Veg,  
um so paa villan Fot.

Aasen såg at Vinje stod framom han som «Digter i Folkets Aand og Tunge-  
maal». Han hadde nok merka seg at Vinje i meldinga av *Prøver* nesten såg eit større  
potensial som diktar enn som språkmann i han. Utan å vere smålåten kunne Aasen  
her avgjere den saka. Det var Vinje som var dikteren av dei to. I det var Aasen  
samstemd både med Sørbø og ettertida elles. Like klart er det at Aasen også ved dette  
høvet såg på seg som språkmannen. Han kunne greitt seie at Vinjes språkform *leid* [mi  
utheving] av «adskillige Forandringer». På dette feltet vedkjende Aasen seg utan  
atterhald som sjølv autoriteten.

---

<sup>44</sup> Sørbø 2018: 45.

Om Aasen var sjølvmedviten, var han ikkje småleg. I det siterte verset frå minnediktet kjem Aasen med ei atterhaldslaus ros av landsmålsskribenten Vinje. Han bar landsmålet «fritt i Ljoset fram og Rett mot Urett sette». Aasen og Vinje møttest i ein sams vilje til å skape ei opplyst ålmente. Dei lét etter seg varande verk som er kulturskattar både om og på landsmålet. Songar som «Nordmannen» og «Ved Rundarne» er allmenngyldige tankebilete for nasjonen Noreg.

## Kjelder

- Dagbladet* (1869–). Oslo.
- Djupedal, Reidar (1957–60): *Ivar Aasen. Brev og Dagbøker. Band 1–3*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Dølen. Eit Vikublad. 1858–70*. Utg. ved Reidar Djupedal (1970). Oslo: Noregs Boklag
- Skrede Evensen, Anders (1979): *O. A. Vinje som målreinsar*. Universitetet i Oslo
- Evensen, Nina Marie og Haarberg, Jon (2018): *Aasmund Olavsson Vinje. Korrespondentbrev til Drammens Tidende. 1851–1859*. Bokselskap.no
- Fagerhol, Jon (1946): Eit og anna frå samvære med Ivar Aasen. *Syn og Segn*, s. 353–363
- Grepstad, Ottar (2017): *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016*. Ørsta: Nynorsk kultursentrum
- Grepstad, Ottar (2018): *Aasen-bibliografien. Skrifter av og om Ivar Aasen 1825–2017*. Ørsta: Nynorsk kultursentrum
- Hovland, Ragnar (1996): *Katten til Ivar Aasen møter hunden frå Baskerville*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Liestøl, Knut (1922): Ivar Aasen og «Dølen». *Syn og Segn*, s. 1–13
- Myhren, Magne (1933): Nokre merknader til mål og målbruk hjå Aasmund Vinje. Lars Roar. Langslet og Jon H. Rydne (red.): *Villmann, vismann og veiviser. En essaysamling om A.O. Vinje* Oslo: J.W. Cappelen Forlag
- Ramsdal, Leif (1972): *Hovuddrag i ortografi og morfologi i Aasmund Olavsson Vinjes «Dølen» (1858–1870), særleg med tanke på å jamføre språkforma med Aasen-normalen av landsmålet og på å peike på eventuelle endringar i Vinjes mål*. Universitetet i Oslo
- Sørbo, Jan Inge (2018): *Nynorsk litteraturhistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Venås, Kjell (1996): *Då tida var fullkomen. Ivar Aasen*. Oslo: Novus forlag
- Vesaas, Olav (2001): *A.O. Vinje. Ein tankens hærmann*. Oslo: J.W. Cappelen Forlag
- Vinje, Aasmund Olavsson (1916): *Skrifter i Samling. Band V*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Walton, Stephen (1996): *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Waschnitius, Viktor (1920): A. O. Vinjes Sprachentwicklung. *Edda*, XIV, s. 161–201
- Aasen, Ivar (1911). *Skrifter i Samling. Band 1*. Kristiania og København: Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag
- Aasen, Ivar (1912 a). *Skrifter i Samling. Band 2*. Kristiania og København: Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag.
- Aasen, Ivar (1912 b). *Skrifter i Samling. Band 3*. Kristiania og København: Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag
- Ivar Aasen (1985 [1853]): *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Voss: Vestanbok forlag